

Til
Olje- og energidepartementet

Dato 3.nov 2023

Innspel til stortingsmelding om flaum og skred

Faggruppa i geologi og geofare ved HVL ynskjer at den nye stortingsmeldinga om flaum og skred også må setja fokus på kunnskap og kjennskap til ulike jordartar, spesielt skredavsetjingar i bratta og kvikkleire. Den generelle kompetansen til nyutdanna geologistudentar er i dag for svak når det gjeld å forstå avsetjingstypar og å gjera fullgod kartlegging i felten.

Å utføra skredfarevurderingar og bestemma faresoner for skred er komplisert – utan god kjennskap til avsetjingane i dalsidene, tidlegare skredløp og rekkevidde kan vurderingane bli feil. Me meiner at konsulentbransjen som utfører skredfarevurderingar bør ha ein formell utdanning med god kunnskap til ulike skredavsetjingar og kartlegging – eit slikt krav finst ikkje i dag.

I bachelorgraden geologi og geofare ved Institutt for miljø og naturvitskap gir me opplæring i skred og flaumrelaterte problemstillingar i fleire kurs: Geofare og skredkartlegging (GE484), overvaking av ustabile fjellsider (GE4-305) og snø og snøskred (GE448/GE4-303). I tillegg er me ein aktiv bidragsytar til forskning på skredrelaterte problemstillingar i Norge.

Faggruppa geologi og geofare ved HVL meiner at den nye stortingsmeldinga om flaum og skred må ha som mål å sikre rett og høg nok kompetanse til personell som skal utføra skredfarevurderingar, spesielt må fokuset rettast inn på feltvurderingar av skråningar med ulike typar lausmassar og skredavsetjingar. Det bør setjast eit formelt utdanningsnivå for å utføre skredfarekartlegging i Noreg.

Med helsing

Faggruppa geologi og geofare
Institutt for Miljø og Naturvitskap, Høgskulen på Vestlandet